


Vender studentar utestengde for fusk tilbake til studiar?

Ei kartlegging basert på data frå UH-institusjonar



Vender studentar utestengde for fusk tilbake til studiar?

Ei kartlegging basert på data frå UH-institusjonar

Redaktør:

Stig Helge Pedersen

Forfattarar:

Bård Drange

Merete Helle

1 Bakgrunn og formål

På oppdrag frå KD (2024-13) har HK-dir undersøkt kor mange studentar ved norske høgskular og universitet som vender tilbake til studiar etter å ha vore utestengde for fusk. Vi har også spurd institusjonane om dei har nokon form for oppfølging av mistenkte og utestengde studentar.

Dette notatet er ei oppfølging av eit meir omfattande notat om studentsaker publisert i mai 2024.¹ Her beskrev vi blant anna talmateriale frå institusjonane om tal på studentsaker, inkludert saker om fusk, skikkavurdering og politiattest. I perioden 2019-2023 var det over 5000 fuskesaker. Talet på studentsaker var høgast i 2021 – under koronapandemien – med over 1500 saker, medan det i 2023 var omlag 800 studentsaker. Tal frå Register for informasjonsutveksling om reaksjoner viser at 795 studentar var utestengde frå studiar ved utgangen av 2022. I 2024 hadde dette talet sunke til 365.²

I dette notatet søker vi å få svar på eit spørsmål som kan gje oss ein peikepinn på korleis det går med studentar som har vore utestengde på grunn av fusk, nærare bestemt om dei vender tilbake til studiar eller ikkje. Vi beskriv først metode og data vi baserer funna våre på. Deretter presenterer vi funn om høvesvis delen av studentar som vender tilbake og om dei vert fylgd opp av institusjonane medan dei er mistenkte og utestengde.

2 Metode og data

For å finne ut om studentar vender tilbake til studiar eller ikkje, sende vi ut eit spørjeskjema til totalt 33 universitet og høgskular, som alle har hatt minst ein fuskesak i perioden 2019-2023. 24 institusjonar svarte på spørjeskjemaet.³

I spørjeskjemaet spurde vi institusjonane om dei har oversikt eller talmateriale som viser om studentar vender tilbake til studiar etter å ha vore utestengde, og eventuelt om dei kan gje informasjon om kor stor del av studentar som vert

¹ Sjå notat på HK-dir sine nettsider: <https://hkdir.no/rapporter-undersokelser-og-statistikk/kartlegging-av-studentsaker-ved-norske-universitet-og-hogskular>

² [Antallet studenter som er utestengt er halvert på to år](#)

³ Sjå liste over institusjonar i appendiks A, og spørjeskjema i appendiks B.

utestengde for fusk som vender tilbake til studiar. Vi spurde også om dei har nokon form for oppfølging eller rettleiing av høvesvis mistenkte og utestengde studentar.

Talmateriale på kor mange av utestengde studentar som vender tilbake kjem frå tolv institusjonar.⁴ Det er stor variasjon i talmateriale, ettersom nokre institusjonar har mange saker, medan andre har få. Dessutan fann institusjonane fram tal frå ulike periodar. Dei fleste institusjonane ser ut til å ha talt saker etter gjennomgang av arkivet. Unntaket ser ut til å vere BI, som har henta ut tal ved hjelp av eit datasystem dei har, og USN, som har henta informasjon gjennom interne oversikter.

Dei andre institusjonane hadde ikkje moglegheit til å finne fram tal, hovudsakleg fordi dette ville krevje for mykje manuelt arbeid. Dei offentlege institusjonane som ikkje har gitt tal, peiker på at utestengingssakene frå FS blir sletta når reaksjonstida er avslutta. Andre peiker på at det utover dette krevst heilt manuelt arbeid for å finne tal. For å finne attende til studentar, må ein først finne fram studentane i vedtak om utestenging i interne arkivsystem, og deretter slå opp studentane det gjeld i FS. Store institusjonar, som UiO, NTNU og HVL rapporterer at dette er grunnen til at dei ikkje har høve til å gi oss talmateriale. Det er ressurskrevjande arbeid, spesielt når det er snakk om fleire hundre saker. Dette påpeikast òg av OsloMet, som brukte tid på å finne talmateriale.

⁴ Sjå appendiks C for kva institusjonar som gav informasjon.

3 Funn frå undersøkinga

Undersøkinga viser at ingen av institusjonane hadde kunnskap om talet på studentar som vender tilbake til studiar etter å ha vorte utestengde for fusk før vi spurde dei om det. Hovudårsaken til dette er personvern knytta til fuskesaker og at ei slik oversikt krev ei manuell kartlegging av kvar enkelt student.

Kor mange vender tilbake?


Det overordna talmateriale frå institusjonane som har gjeve oss informasjon, syner at to av tre studentar som har vore utestengd på grunn av fusk vender tilbake.

Som nemnt er det stor variasjon i talmaterialet frå institusjonane, og tala er for ulike tidsperiodar. Figuren under viser prosentdel som vender tilbake til studiar uavhengig av tidsperioden tala gjeld for.

Tal frå USN gjeld for perioden 2018–2024, og viser at 56 prosent av 329 utestengde studentar vende tilbake. BI rapporterer for åra 2020–2024 at 74 prosent av 310 utestengde studentar har vendt tilbake. UiB har tal for perioden 2014–2023, og disse viser at 66 prosent av 132 utestengde studentar vender tilbake. Ved HiØ vende 72 prosent av 109 studentar tilbake for perioden 2019–2023.

Dei øvrige institusjonane oppgjer lågare tal på utestengde studentar, men godt over 60 prosent har vendt tilbake til studiar. Sjå appendiks C for detaljar.

Figur 1 Prosentdel av utestengde studentar som vender tilbake til studiar.



Dei tolv institusjonane som har gjeve oss informasjon er ei blanding av private og offentlege institusjonar med ulikt tal på fuskesakar. Vi vurderer det om sannsynleg at delen utestengde studentar som vender tilbake til studiar i snitt vil vere rundt to av tre også for resten av institusjonane. Delen studentar som vender tilbake til studiar kan også vere høgare enn desse tala viser. Det er fordi dei institusjonsvise tala ikkje inkluderer studentar som byrjar å studere ved ein annan institusjon, eller studentar som vender tilbake til studiar etter lengre tids fråvær. Basert på eit begrensa talmateriale er det ikkje mogeleg å sei noko konkret om utvikling over tid. UiB og BI har gitt tal per år. For UiB sin del har prosentdelen som vender tilbake til studiar søkke dei siste fem åra, medan tala for BI har stege. UiB skriv at fleire ser ut til å ha fullført studiar lengre tilbake i tid, men at dette også kan skuldast at dei har hatt lengre tid til å fullføre.

Nokre institusjonar gav også informasjon om kor mange utestengde studentar som fullførte studiane. Totalt har tre institusjonar gitt denne informasjonen, og tala er difor svært avgrensa. Tala for desse institusjonane viser at ein god del studentar både kjem tilbake og gjennomfører studiane.

HiØ rapporterer at 53 av 109 utestengde studentar i perioden 2019–2023 har fullført studiane på det tidspunktet tala vart henta ut, noko som tilsvarar 49 prosent. I tillegg er 21 studentar (19 prosent) framleis aktive. OsloMet rapporterer at av 52 utestengde studentar i 2021/2022, har 33 prosent av studentane fullført graden. Ytterlegare 10 studentar (20 prosent) er framleis aktive. HiM rapporterer at 13 av 53 utestengde studentar i perioden 2019–2023 (25 prosent) har fullført studiar, medan 14 (26 prosent) er framleis aktive.

Det er grunn til å understreke at dette er enkeltståande tal frå berre tre institusjonar. Det er ikkje relevant å samanlikne dette med tal for gjennomføring og fråfall som vert berekna per opptakskull. Men informasjonen vi har fått inn tyder på at mange studentar vender tilbake og fullfører studiar.

Vert studentar mistenkte for fusk følgt opp?

Vi stilte institusjonane eit ope spørsmål om dei har noko form for oppfølging eller rettleiing av studentar som er mistenkte for fusk, og fekk fleire detaljerte og nokre mindre detaljerte svar frå totalt 24 institusjonar. Grunna variasjon i kor mange detaljar institusjonen gir, er det mogleg at nokre institusjonar gjer andre aktivitetar enn dei nemner i sine svar.

Med unntak av LDH, svarer alle institusjonane nei på spørsmål om dei har særskilt oppfølging eller rettleiing av studentar mistenkte for fusk. Mange av institusjonane fortel likevel i opne svar at dei innkallar til samtale med studenten før dei tek saka vidare til nemnd for studentsaker, og alle informerer studentane om dei rettighetene dei har og kven dei kan kontakte for meir informasjon eller rettleiing. Dei fleste skriv at dei informerer studentane både munnleg og skriftleg om dette. LDH fortel at studentane vert følgt opp av sekretær i nemnd for studentsaker frå saken startar, og fram til eventuell utestengingsperiode er over.

UiO delte lenke til offentleg tilgjengeleg rutine for behandling av fuskesaker.⁵

Vert utestengde studentar følgt opp?

Ein del institusjonar nemner at dei har vegleiingsplikt etter forvaltningslova. Men det er ikkje nokon form for krav eller forventningar til at institusjonane har særskilt oppfølging av utestengde studentar.

Som tidligere nevnt, er det kun LDH som har en konkret person som følger opp utestengte studentar. I tillegg skriv HK at dei kontaktar studenten mot slutten av utestengingsperiode for å gje rettleiing for å kunne fullføre utdanninga.

Dei andre institusjonane informerer utestengde studentar om rettigheter, moglegheiter til å vende tilbake til studiar, og kven dei kan kontakte om dei treng rettleiing. Ved USN har dei ikkje hatt noko aktiv oppfølging, men studieveglear sender no e-post til studentar med tilbod om ein samtale og påminning om å ta kontakt når utestenginga nærmar seg slutten. Dei har informert oss om at endring av denne rutinen har skjedd på bakgrunn av denne undersøkinga.

OsloMet har innspel om fråfall. Dei skriv at tiltak som motverkar fråfall generelt, også vil kunne treffe studentar som vert utestengde for fusk. Ein særskild innsats mot utestengde studentar vil – gitt det relativt lave talet utestengde studentar og den høge delen som faktisk vender tilbake – sannsynleg ha liten effekt. Arbeid for eit godt læringsmiljø og for at studentar kjem til studietilbod med realistiske forventningar vil bidra meir og favne alle.

⁵ <https://www.uio.no/studier/eksamen/fusk/saksbehandlingsrutiner.html>.

4 Oppsummering

Talmateriale frå tolv institusjonar indikerer at to av tre studentar vender tilbake til studiar etter utestenging. Undersøkinga viser også at ingen av institusjonane hadde oversikt over dette før vi spurde, men fann det fram på vår oppmoding.

Dei fleste institusjonane rapporterer om at dei ikkje har særskilt oppfølging eller rettleiing av studentar mistenkte for fusk eller utestengde studentar. Mange skriv at studentane vert kalla inn til samtale ved mistanke om fusk, og alle gjev studentane informasjon om deira rettigheter, moglegheiter til å vende tilbake til studiar, og kven dei kan kontakte om dei treng rettleiing.

Gitt den relativt høge delen utestengde studentar som vender tilbake til studiar, samt nedgangen i talet på utestengde studentar, verkar det ikkje som at det er behov for nokon særskilt oppfølging eller rettleiing av denne studentgruppa. Det virkar som at studentane får god informasjon frå institusjonen, og at det tilbodet som finst er tilstrekkeleg. Vi har ikkje eit godt nok datagrunnlag til å sei noko konkret med omsyn til gjennomføring av studiar blant dei som vender tilbake. Tala vi har fått inn tyder likevel på at mange studentar som har vore utestengde for fusk vender tilbake og fullfører studiar.

5 Appendiks

Appendiks A: liste over institusjonar

Vi tok utgangspunkt i dei 38 statlege universitet og høgskular og private høgskular med finansiering over statsbudsjettet frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg inkluderte vi Oslo Nye Høyskole og Noroff som er resterande institusjonar som har hatt saker hjå FKN. Av desse 38 tok vi vekk fem institusjonar som i følge notatet vårt ikkje hadde fuskesaker i perioden 2019–2023: Kunsthøgskolen i Oslo (KHIO), Barratt Due Musikk institutt (BDM), Høgskulen for grøn utvikling (HGUT), Høyskolen for dansekunst (HFDK) og Noroff høyskole.

Liste over institusjonar, kor mange fuskesaker dei hadde i 2019–2023, og om dei svarte på spørjeskjemaet:

Institusjon	Fuskesaker 2019–2023	Svart på spørjeskjema?
Handelshøyskolen BI (BI)	601	Ja
Universitetet i Sørøst-Norge (USN)	471	Ja
Universitetet i Agder (UiA)	469	Ja
Universitetet i Oslo (UiO)	442	Ja
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU)	397	Ja
Høgskolen i Innlandet (HINN)	388	Ja
OsloMet – storbyuniversitetet (OsloMet)	342	Ja
Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet (UiT)	255	Ja
Universitetet i Bergen (UiB)	218	Ja
Universitetet i Stavanger (UIS)	213	Ja
Høgskulen på Vestlandet (HVL)	190	Ja
Høyskolen Kristiania (HK)	151	Ja
Høgskolen i Østfold (HiØ)	149	Ja
Nord universitet (NU)	147	Ja
Oslo Nye høyskole	142	Ja
NLA Høgskolen (NLA)	67	
Høgskolen i Molde, vitenskapelig høgskole i logistikk (HiM)	64	Ja
Norges handelshøyskole (NHH)	62	Ja
VID vitenskapelige høgskole (VID)	53	Ja
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU)	52	
Høgskulen i Volda (HVO)	46	Ja
Lovisenberg diakonale høgskole (LDH)	25	Ja
Ansgar Høyskole (ATH)	23	

Vender studentar utestengde for fusk tilbake til studiar? | 10

Norges idrettshøgskole (NIH)	22	Ja
Høyskolen for ledelse og teologi (HLT)	11	
Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning (DMMH)	9	Ja
Norges musikkhøgskole (NMH)	2	Ja
Sámi allaskuvla / Samisk høgskole (SH)	2	
Steinerhøyskolen (RS)	2	
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo (AHO)	1	
MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn (MF)	1	Ja
Bergen Arkitekthøgskole (BAS)	1	
Fjellhaug Internasjonale Høgskole (FIH)	1	

Appendiks B: Spørjeskjema

Kommer studentene tilbake til studier etter å ha vært utestengt på grunn av fusk?

HK-dir har på oppdrag fra KD kartlagt omfanget av studentsaker i perioden 2019–2023. [Notatet](#) er publisert på HK-dir sine nettsider. Vi skal i forlengelsen av dette oppdraget nå kartlegge om studenter som har vært utestengte på grunn av fusk vender tilbake til studier eller ikke. Vi er også interesserte i om institusjonene har noen form for oppfølging av studentene, både mens saken behandles og etter utestenging.

I utgangspunktet gjelder kartleggingen institusjonsnivået. Dersom det er hensiktsmessig ønsker vi også informasjon om hva som gjøres på fakultetene. Om dere på spørsmålene nedenfor oppgir informasjon på fakultetsnivå, er det fint om dere spesifiserer dette.

Seksjon 1: Tallmateriale om utestengte studenter

1) Har institusjonen oversikt eller tallmateriale som viser om studenter vender tilbake til studier⁶ etter å ha vært utestengt?

Om ja: beskriv det materialet dere har (for eksempel fra FS).

Om nei: oppgi gjerne årsakene til at dere ikke har noe informasjon om dette.

Vennligst skriv inn deres svar her:

Til institusjonene som har oversikt/tallmateriale (svarte ja på spørsmål 1):

2) Hvor stor andel av utestengte studenter vender tilbake til studier?

Svar basert på tallmaterialet dere har, gjerne for flere år om mulig.

Vennligst skriv inn deres svar her: ...

⁶ Studier kan være samme studium som man ble utestengt fra eller et annet/nytt studium.

Til institusjonene som ikke har oversikt/tallmateriale (svarte nei på spørsmål 1):

3) Cirka hvor stor andel av studentene vil dere anslå (basert på en kvalifisert vurdering) vender tilbake til studier etter å ha vært utestengte?

Forklar hva dere baserer denne vurderinga på, og hvor sikre dere er i anslaget.

Vennligst skriv inn deres svar her:

Resten av spørsmålene besvares av alle:

4) Har andelen studenter som vender tilbake til studier forandret seg de siste fem-ti årene?

Enten tallfestet endring eller en kvalifisert vurdering av endring.

Vennligst skriv inn deres svar her:

Seksjon 2: Tilbud eller oppfølging av mistenkte og utestengte studenter

5) Har institusjonen noen form for oppfølging eller rådgivning av studenter som er mistenkte for fusk? Vi tenker her både på mens saken behandles i Nemnd for studentsaker og ev. klage behandles av Felles klagenemnd.

Vennligst skriv inn deres svar her:

6) Har institusjonene noen form for oppfølging eller rådgivning av studenter mens de er utestengte?

Vennligst skriv inn deres svar her: ...

7) Er det andre innspill eller forhold som dere mener er relevante i denne sammenheng?

Vennligst skriv inn deres svar her:

8) For å kunne sammenligne på tvers av institusjoner trenger vi å vite hva slags type stilling den eller de som har besvarte dette spørreskjemaet

har. Dersom flere personer har svart på skjemaet, spesifiser hvem som har svart på hvilke spørsmål.

Vennligst skriv inn stillingstittel/titler her: ...

9) Kan vi kontakte dere for eventuelle oppfølgingsspørsmål?

Hvis ja, vennligst oppgi e-postadresse her:

På forhånd takk for hjelpen!

.....

Appendiks C: Liste over andel studentar som vender tilbake til studiar

	År tala er baserte på	Datagrunnlag	Vender tilbake (tal)	Vender tilbake (prosent)
BI	2020-2024	310	229	74 %
USN	2018-2024	329	184	56 %
OsloMet	2021/2022	52	39	75 %
UiB	2014-2023	132	87	66 %
HiØ	2019-2023	109	79	72 %
ONH	2020-2023	83	54	65 %
HiM	2019-2023	53	34	64 %
NHH	2020-2024	23	23	100 %
HVO	2023	5	1	20 %
DMMH	2019-2023	18	6	33 % ⁷
NMH	2018-2024	2	1	50 %
Totalt		1116	737	66 %

⁷ Tal frå DMMH gjeld ikkje berre fuskesaker.